

Utstillarreglement for Tomatfestivalen 2018

1. Dei som er interessert i å delta som utstillar på Tomatfestivalen 2018 må fylla ut elektronisk søknadsskjema som ligg på www.tomatfestivalen.no. Ta evt kontakt på svanhild@ryfylkelivsgnist.no om de treng hjelp til søknaden.
2. Søknadsfrist er 1. juni. De får stadfesting på om du har fått plass eller ikkje innan 14 dagar etter at søknad er sendt.
3. Påmeldinga er bindande etter 1. juni og standleiga vil bli innkrevd i sin heilhet. Unntak ved sjukdom (legeattest må framleggjast).
4. Faktura for standleiga blir sendt ut i løpet av juni.
5. For utstillarar som sel matvarer må salsinnretningar og vareutval vere godkjend av mattilsynet i heimkommunen. Godkjeningsbevis skal takast med og visast ved eventuell inspeksjon.
6. Organisasjonar som ønskjer å selja lodd under festivalen må halde seg oppdatert på gjeldande reglar for loddsal. <https://lottstift.no/nb/>
7. Standplass/serveringsplass skal vere betjent når festivalen er open for publikum, og skal ikkje demonterast før festivalen er avslutta kl 16.30.
8. Arrangøren sørger for reinhald av innan- og utandørs publikumspassasjar. Reinhald av standplass er utstillar sitt ansvar. Det blir sett opp søppelspann på heile området.
9. Standplass kan riggast frå kl 7.30 same dagen, eller dagen før.
10. Utstillar må sjølv sørge for nødvendige forsikringar. Det er patruljerande vakt på festivalområdet frå fredag kl 22.00 til laurdag kl 07.00.
11. Etter endt festivaldag skal standplassen etterlatast rydda og fri for dekorasjonar, spiker, emballasje og liknande. Utstillar er ansvarleg for eventuelle skadar utover vanleg slitasje.
12. All ferdsel på utstillingsområdet og tilgrensande areal skjer i samsvar med retningslinjer for trafikkregulering fastsatt av arrangør. Det kan berre parkerast på tilviste plassar.
13. Alle bilar og tilhengarar må vera ute av festivalområdet mellom kl 09.30 og 16.45.
14. Alle utstillarar er bundne av dette reglementet. Arrangør avgjer med bindande verknad tvistar om forståing av reglementet.
15. Arrangør kan avlysa festivalen, eller deler av denne, dersom det syner seg uråd å gjennomføre arrangementet pga force majeure, større skader på bygningar eller tekniske skader på utstillingsområdet og enkeltstandar. Ved avlysing i samsvar med dette punktet i utstillingsreglane, fråskriv arrangør seg ansvar overfor utstillarane som fylgje av avlysinga. Marknadsnemnda er ikkje pliktig å betala attende leige som er betalt inn på førehand.

Velkomen til Tomatfestivalen 2018!